



Norconsult AS  
v/ Johannes Myrmel  
[johm@norconsult.no](mailto:johm@norconsult.no)

Førde, 30.06.2023

Dette brevet er sendt på vegne av DNT Sogn og Fjordane, Naturvernforbundet Sogn og Fjordane, Norges Jeger- og Fiskeforbund Sogn og Fjordane, Florø klatreklubb, SIL Sogndal klatreklubb og Våtedalen Tindeklubb.

## Fråsegn til «Detaljregulering Jostedalsbreen gondol – varsel om planoppstart og høyring av planprogram» mrk. 52205847 Konsekvensar av å tillate gondolbane i Kjøsnesfjorden

*Forum for natur og friluftsliv (FNF) Sogn og Fjordane er eit samarbeidsnettverk for natur- og friluftslivsorganisasjonane i regionen. Vårt mål er å ivareta natur- og friluftslivsinteressene i Sogn og Fjordane ved å styrke og fremje organisasjonenes arbeid, være ein møteplass for samarbeid og ein arena for kompetansebygging for natur- og friluftslivsorganisasjonane med sitt virke i regionen.*

**Vi viser til forslag til planprogram for etablering av gondolbane i Kjøsnesfjorden i Jølster, Sunnfjord kommune. Gondolen skal gå mellom Lundebotn, området rett før Fjærlandstunnelen, og opp på Tverrfjellet og Jostedalsbreen Nasjonalpark. Planområdet er på rundt 580 daa, med tiltaksområde ved botnstasjonen, og toppstasjon på toppen av Tverrfjellet. Planarbeidet er vurdert til å verte fanga opp av verkeområdet til forskrifta om konsekvensutgreiingar.**

### Forum for natur og friluftsliv meiner at

- det spesielle brelandskapet i Kjøsnesfjorden, med geologi, flora og fauna er så unikt og dramatisk i Sunnfjord kommune, at det bør takast vare på. Større, tekniske utbyggingar som Gondol bør derfor unngåast.
- større tekniske (unødvendige) inngrep i spektakulær natur, vil medføre irreversible inngrep og den vil øydeleggje den totale opplevinga av landskapet og er ikkje foreinleg med Naturavtalen som Noreg har slutta seg til.
- Sunnfjord kommune har i den nye arealdelen av kommuneplanen sagt dei skal ha arealreknskap og bør ta større utbyggingar som denne inn i arealreknskapen.
- Nasjonalparken er verna naturområde fordi der er spesiell geologi, flora og fauna. Nasjonalparkar skal tilby *urørt* natur til flest mogleg, innanfor det som er i samsvar med verneplanane. Ein bør derfor unngå store tekniske inngrep, også i randsona, til nasjonalparken. Her har grensene til nasjonalparken



allereie tidlegare blitt endra pga. utbygging av kraftproduksjon – og bør derfor no bevarast slik det er tenkt. Det kan ikkje vere fritt fram å endre nasjonalparkgrenser!

- utbygginga vil påverke sårbare og raudlista artar i området samt trekkande dyr og fuglar over fjellet og breen.
- dei etablerte og naturtilpassa tur- og klatreruter i dette spektakulære naturområdet vil bli påverka negativt av ei utbygging av gondol og den trafikk- og turiststraumen det vil føre med seg.
- ein bør ta til følge at Riksantikvaren ynskjer landskapet i Kjøsnestjorden inn i KULA «Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA) og bør derfor ikkje forringast med ein slik turistattraksjon.
- gondolprosjektet må sjåast i samband med Statens vegvesen sine planar om utbygginga av krabbefelt og kjettingplass langs Kjøsnestjorden. Og den *totale* summen av desse naturinngrepa må vurderast.
- det er uheldig at ein person som er inhabil i saka om gondol som har roller både i politikken, Nasjonalparkstyret og er sekretær for Jostedalbreen AS som vil bygge gondol har yttra seg positivt i media i fleire år, med fleire uttaler som vi ser på om uriktige.

*Under vil vi argumentere for kvifor FNF Sogn og Fjordane ikkje ynskjer Jostedalbreen AS sine planar om gondolbane i Kjøsnestjorden.*

## Konsekvensar for det spektakulære brelandskapet i Kjøsnestjorden

Kjøsnestjorden er den austre og trongaste delen av Jølstravatnet i Sunnfjord kommune<sup>1</sup>. Den er 10 km lang og omgitt av høge, breklede fjell og grave ut av fortidas isbrear og vatn. Det er eit spektakulært landskap. Grovabreen ligg i sør og Jostedalbreen i øst. Jostedalbreen nasjonalpark har store verneverdiar knytt til geologi, landskap, flora, fauna og kulturminne<sup>2</sup>. Tradisjonelt friluftsliv som krev lite teknisk tilrettelegging er og ein del av verneføremålet.

Med sine bratte fjellsider og mange breelvar er Kjøsnestjorden eit dramatisk flott landskap som ein ikkje finn mange andre stadar i Sunnfjord kommune. Skal Vestlandet behalde sitt særpreg med fjord og fjell, bre og elv, er det urørte og velle landskap viktig. Derfor meiner vi at prosjektet om Gondol i Kjøsnestjorden må skrinleggast snarast mogleg. I staden for å kalle dette eit «fyrtårn for reiseliv», er dette heller destruktivt for den unike moglegheita vi har for å drive spektakulært, enkelt, friluftsliv i eit relativt urørt, naturleg brelandskap.

### Lyd- og lysforureining

Botnstasjonen er planlagt med tilhøyrande åtkomst og parkeringsanlegg med plass til 100 bilparkeringar og 10 parkeringar for buss. Dessutan er det, i følge planprogrammet, planlagt mogleg dobling av kapasitet. Det er mykje asfalt. Traseen oppover og toppstasjonen vil bli opplyst, og frakte tusenvis av folk opp på Tverrfjellet og isbreen der oppe. Dette meiner vi vil drastisk prege utsikta frå innsjøen og fjella rundt. Og det vil «ureine» området med auka trafikk og støy av motorkøyretøy og turistar og mykje lys. Dette området er ikkje veldig utbygd frå før og ein har om vinteren når det er mørkt, spektakulært utsyn mot himmelen innerst i Kjøsnestjorden og på fjella rundt.

## Naturavtalen og arealrekneskap

Noreg har nett inngått ein internasjonal naturavtale om å bevare 30% av land og hav på jorda<sup>3</sup>, for å stoppe – og reversere tap av natur. Handlingsplanen frå stortinget er ikkje endå ikkje klar, men ein må rekne med at kommunane i aukande grad må ta ansvar for sitt bidrag til naturkrisa, og arealkonfliktane som oppstår når det står om nedbygging av natur<sup>4</sup>. Gondolbana i Kjosnesfjorden er lite foreinleg med naturavtalen. og vil gå utover den totale opplevinga av den relativt ville og urørte naturen i området ved ruvande, store master oppover ei bratt og dramatisk fjellside og svære utbyggingar både i botnen og på toppen av fjellet.

Landskapet i Kjosnesfjorden er kanskje det beste eksempelet på eit naturområde som må inn i arealrekneskapen til Sunnfjord kommune, som dei har sagt dei skal innføre i ny kommuneplan. Arealrekneskapen skal hjelpe kommunar å få betre oversikt over kva natur ein har, kor mykje som årleg byggast ned og kva konsekvensar denne nedbygginga har.

## Konsekvensar for nasjonalparken

Jostedalsbreen nasjonalpark er eit av dei største villmarksområda vi har i Sør-Noreg!<sup>5</sup> Det dramatiske landskapet, skapt av is, stein og vatn gjev store, unike naturopplevingar med brear, fjell og fjord<sup>11</sup>. Jostedalsbreen er den største isbreen på det europeiske fastlandet, noko som gjev oss eit ekstra spesielt ansvar for å forvalte den – og nasjonalparken godt, for framtida. Nasjonalparken er verna for sine intakte kvalitetar og moglegheit for naturopplevingar fritt for teknisk tilrettelegging. Nasjonalparken har ein besøksstrategi<sup>2</sup>. Noko som også er bakgrunn for nasjonalparkstatusen. Bygging av gondolstasjon ved Tverrfjellet vil medføre ein ytterlegare reduksjon i INON-sona i randområdet til Jostedalsbreen<sup>6</sup>. Og då meina FNF at det ikkje passar seg med store tekniske utbyggingar, sjølv i randsona på nasjonalparken.

Det er ikkje langt til neste gondol, i Loen. Gondolen der er bygd på eit fjell som gir utsikt innover dalane på andre sida. Tverrfjellet er derimot spektakulært i seg sjølv, og bør ikkje dekkast med master, lys, trafikk – og turistkøar, noko som visuelt vil øydelegge meir i Kjosnesfjorden. Bilete frå toppen av gondolen i Loen viser også godt dei potensiale negative effektane av å ha tusenvis a turistar på fjellet. Der er blitt eit enormt nettverk av nedtråkka villstiar frå folk som har gått frå toppstasjonen og innover fjellet. I tillegg til den svære anleggsvegen som dei trengte for å bygge toppstasjonen.

Det vil vere svært øydeleggende med tilsvarande trafikk på Tverrfjellet og det kan umogleg vere i tråd med vernevilkåra til nasjonalparken å ha tusenvis av turistar som tråkkar opp villstiar innover Tverrfjellet, og det kan ikkje vere trygt mtp. breen på toppen. Det må vere forhindra at turistar kan gå innover i fjellet frå toppstasjonen og ikkje bevege seg ut på breen – som ikkje berre vil vere øydeleggende for landskapet og breen, men farleg for folk. Nasjonalparken er allereie tilrettelagt for alle brukargrupper, og variasjon i opplevingar som skal skape entusiasme hos både liten og stor, men innanfor det regelverket som gjeld for nasjonalpark.

## Konsekvensar for flora og fauna

Planprogrammet viser til at planområdet vart synfart hausten 2022, og det vart registrert ei rekke raudlista karplantar knytt til raudlista naturtypar. Samtlege registrerte artar er knytt til snøleiane og li-sidane som er truga av både klimaendringar, gjengroing og nedbygging (mellom anna av nettopp kraft- og turismeanlegg). FNF meiner derfor saman med DNT sentralt, at det er på sin plass å tillegge desse naturverdiene høg vekt i vurderinga av samfunnsinteresser i samband med gondolutbygginga. Etter påvising av fleire raudlista naturtypar og artar etter berre ein dag i felt, er vi, svært undrande over at konsekvensutgreiinga ikkje legg til grunn ytterlegare kartlegging av naturmangfald i heile planområdet for betre å avdekke potensielle verdiar og konflikhtar.

Det er også fleirfaldige observasjonar gjort av at dyr trekker over breen, av turfolk og lokale folk. Og tanke på utbygging både i botnen og på toppen av tverfjellet vil absolutt vere forstyrrende i dette område for dyr som hjortevilt, fugl og jerv (som er raudlista).

## Konsekvensar for det enkle friluftslivet

Dette spektakulære landskapet er heim til ei populær klatrerute som har «klassikarstatus» i klatremiljøet<sup>7</sup>. Denne ruta vil bli negativt påverka om ein bygger gondol i området. Denne ruta er lett og fin og utsikta mot Lundebreen er spektakulær! Dette er ei rute der nybyrjarar har fått moglegheita til å få sine første flotte opplevingar på eigne sikringar. Magien over å klatre i eit slikt område vil forsvinne dersom gondolbana blir satt opp med botnstasjon og parkering for fleire hundre køyretøy samt toppstasjon og folkeliv oppe på breen.

Florø klatreklubb meiner i ein epost til FNF at *«vill og urørt natur gjer regionen vår til et attraktiv reisemål og, aller viktigast, som bustad for alle som ynskjer å nyte tur, friluft og klatring, slik som våre medlemmer!»*

Norsk Tindeklubb støtter dette i ein epost til FNF: *«Umiddelbart tenker ein at klatrerutene i området er viktige fordi det er få klatreruter over fleire taulengder i regionen, spesielt i nærheita av Sogndal med mange klatreinteresserte studentar og tilflyttarar. Ein anna viktig klippe med ruter over fleire taulengdar, ved Fardal, blir det bygd kraftleidning (Aurskog-Fardal strekket) umiddelbart over klatrerutene. Sjølv om klatrerutene i Kjøsnesfjorden ikkje ligger fysisk i anleggsområdet, er vi bekymra for at kvaliteten på klatrerutene i området blir redusert estetisk ved at utsikten og støyen frå Gondolen vil øydeleggje opplevinga av desse klatrerutene. Det er også potensiale for å etablere nye spektakulære klatreruter i området der gondolen skal gå. Vi er også bekymra for korleis toppstasjonen av gondolen kan øydeleggje opplevinga av å gå på ski over Jostedalsbreen, som er populært blant fleire i landet.»*

I tillegg til mange fjell- og breturar i området, går det i Lundeskaret ei veldig kjent etablert turrute over til Fjærland. Dette er ei av dei klassiske DNT-rutene over den sørvestre delen av Jostedalsbreen<sup>8</sup>. DNT Sogn og Fjordane er generelt ikkje veldig positive til store inngrep i naturen for å gjere den tilgjengeleg for allmennheita – enkelt friluftsliv er fana i DNT<sup>9</sup>. *«Terrenget er bratt, men tilkomsten er likevel enkel frå vegen. Ein del av poenget med å ta vare på inngrepsfrie område er å sikre for framtida dei spesielle opplevingane slike område gjev. Dette er ein av kvalitetane ved vårt land, og vi kan ikkje forvalte natur som om vi var dei siste med meining om saka»* uttala Erik Solheim i Naturvernforbundet då det var snakk om utbygging av kraftverk i området, tilbake i 2005<sup>10</sup>.

## Konsekvensar for kulturhistoriske verdiar

Kjøsnesfjorden er dessutan under vurdering for Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA) av riksantikvaren saman med ein større del av Jølster<sup>11</sup>. Det er Nikolai Astrup sitt kulturlandskap og urørte natur som skal ivaretakast. Tenk den merkevara det har, både nasjonalt og internasjonalt – og korleis ein heller kan legge til rette for sporlaus turisme og/eller «inn på tunet» turisme – det er ein meir unik merkevareverdi Jølster kan dra nytte av, i motsetning til store tekniske installasjonar som øydelegg den natur- og kulturlandskapet ein ynskjer å vise fram.

*KULA er dessutan ikkje vern; «Riksantikvaren har ansvar for å medverke til at dei kulturhistoriske verdiane i landskapet vert tekne vare på. Landskapa som vert valde ut, skal saman vise mangfaldet i historia vår – korleis menneske har levd i og brukt landskapet, kva som har skjedd der og kva spor frå tidlegare tider som finst det.»*

Det er Klima- og miljødepartementet som har bede Riksantikvaren om å lage eit landsomfattande oversyn over kulturhistoriske landskap, med store verdiar, som har nasjonal interesse. Slike landskap gir nemleg store opplevingar;

*«Ofte er det dei menneskeskapte spora som gjer landskapet ekstra spanande. Dei bidreg til lokalt særpreg og gjev grunnlag for verdiskaping og utvikling. Landskap kan vere grunnlag for økonomisk verksemd til dømes gjennom turisme og landbruksnæring. Eit landskap med store verdiar kan òg vere med å gjere eit område meir attraktivt som bustad og reisemål.»*

*«KULA er eit signal om at det er viktig å ta omsyn til verdiane, og skal vere eit kunnskapsgrunnlag som kommunane og andre etatar kan bruke i arealplan- legginga si. Det er viktig at landskapa framleis er i bruk og at jorda og skogen vert driven vidare. Framhald i drift kan i mange høve vere avgjerande for å ta vare på landskapsverdiane. Ein KULA-status skal ikkje stoppe utviklinga, men bidra til ei god utvikling som varetek verdiane.»*

## States vegvesens sine planer

Statens vegvesen har også utbyggingsplanar i området<sup>12</sup>. Og sjølv om det har vore snakk om at Jostedalsbreen AS/Jostedalsbreen Glacier Gondol ynskjer å samarbeide med Statens vegvesen om utbygginga ved Lundebotn, men i ein artikkel frå Nov. 2022 uttaler Statens vegvesen at «Statens vegvesen og Jostedalsbreen AS har hatt godt samarbeid for å prøva og samordna planane. Gjennom dette arbeidet viste det seg mest hensiktsmessig for begge partar å jobba med planane kvar for se<sup>13</sup>.»

## Habilitet

FNF registrerer at, tidlegare ordførar i Jølster no er sekretær for Jostedalsbreen AS medan han sit i både formannskapet for Sp., og er Sunnfjord kommune sin representant i Jostedalsbreen nasjonalpark. Han har rettvist meldt seg inhabil i saka om Gondolen både i kommunestyret og i Nasjonalparkstyret, men FNF syns likevel han er tett på saka. Han har vore ei tydeleg positiv og offentleg stemme for Gondol-utbygginga, lenge. Fordi FNF ikkje ynskjer at uriktige påstandar skal bli gjenbrukt av fleire, ser vi behovet for å adressere nokre av uttalenene vi har sett som er lett tilgjengeleg for folk gjennom media, som vi meiner er uriktige.

Spesielt uheldig syns vi at uttalen i Firda i 2017<sup>14</sup> er, då det vart sagt at «at grunnlaget for å bygge ut

på Tverrfjellet allereie er lagt. Då det vart bygd kraftverk der vart grensene for nasjonalparken flytta, og naturen er ikkje lenger urørt.» Det var då snakk om å bygge tunell til toppen av Tverrfjellet – eit stort teknisk inngrep som mange også då var i mot.

Uttalen vart gjenteke i liknande form, i ein ny Firda-artikkel frå desember 2022<sup>15</sup>, frå då han melde seg inhabil i gondolsaka i både kommunestyret og i Nasjonalparkstyret til Jostedalen nasjonalpark, der han representerer kommunen. Denne uttalen er ikkje noko argument for – og gir inga rett til å promotere ei vidare innskrenking av verken nasjonalparkgrensen eller INON-områder! Store naturområde har verdi i seg sjølv, i kraft av sin storleik og relative urørtheit, og bør takast vare på. Derfor er det visse reglar for å opprette og bevare nasjonalparkar og grensene er bestemt og teikna opp for ein grunn, som bør respekterast.

I artikkelen frå 2022 var det også sagt at «Jostedalsbreen ikkje er freda grunna dyre- og planteliv, men at det er ei geologisk freding, som syner korleis Vestlandet blei forma av brear og vatn.» Dette er direkte feil. Jostedalsbreen nasjonalpark er verna grunna «store verneverdiar knytt til geologi, landskap, flora, fauna og kulturminne. Tradisjonelt friluftsliv som krev lite teknisk tilrettelegging er og ein del av verneføremålet.» Dette er eit direkte sitat frå Jostedalsbreen nasjonalpark sin besøksstrategi.

## Forventningar

På folkemøte på Skei vart det uttalt frå Norconsult at dei veit lite om effektane og konsekvensane av gondolbana når det kjem til støy, lys og endring av urørt natur med trekkrutene til dyr.

FNF krev at det blir gjort grundige konsekvensutredningar av naturen inkludert flora og fauna. Dessutan trekkruiter for fugl og dyr i området som bør gå over ein minimum periode på 3 år, for å få eit mest mogleg riktig bilete.

FNF krev også at det blir gjort seriøse, faglege og grundige konsekvensutgreiingar av både potensielle lyd- og lysforureiningar i området for dei buande i Kjosnesfjorden og for turistar som vil nyte sporlaus, enkelt friluftsliv i området.

FNF krev at grensene til Jostedalsbreen Nasjonalpark blir respekterte og at rettningslinjene for nasjonalpark blir følgde.

Det er svært viktig at politikarane og dei som tek avgjersla om dette prosjektet får nok og riktig informasjon og kunnskap om natur- og kulturverdiar, før ein tek beslutningar.

Den informasjonen synes vi ikkje er god nok per i dag.

## Konklusjon

FNF Sogn og Fjordane slår eit slag for urørt natur, verdifullt kulturlandskap, Astrups rike og det enkle, men spektakulære friluftslivet – på vegne av våre organisasjonar. Vi er heldige som har tilgang til dette fantastiske landskapet og FNF meiner vi bør ta spesielt vare på landskapet, natur- og kulturverdiar som finst her. Det har ein enorm verdi for kommunen, innbyggjarane her og besøkande som kjem til kommunen vår. Det er det unike og spesielle turistane som kjem her vil sjå – og det finst

alt fleire fantastiske guidingbedrifter i området som tek folk med seg inn i fjellet. Dessutan er det stor verdi for kommunen å ha nærleik til nasjonalparkar å besøke som er fri frå øydeleggande tekniske inngrep i naturen. Mange turistar i dag ynskjer tilgang til det som framstår som urørt natur med fråver av støy og påtrengande masseturisme. Dette syns vi er viktig å bevare.

## Venleg helsing

Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane

*Ket Fossen*

---

Ket Fossen  
Koordinator  
FNF Sogn og Fjordane



### Kjelder:

1. <https://snl.no/Kj%C3%B8snesfjorden>
2. [https://www.nasjonalparkstyre.no/uploads/files\\_jostedalsbreen/Besoksstrategi-Jostedalsbreen-2021-2027-godkjent.pdf](https://www.nasjonalparkstyre.no/uploads/files_jostedalsbreen/Besoksstrategi-Jostedalsbreen-2021-2027-godkjent.pdf)
3. <https://www.regjeringen.no/no/tema/klimate-og-miljo/naturmangfold/innsiktsartikler-naturmangfold/det-globale-kunming-montreal-rammeverket-for-naturmangfold-naturavtalen/id2987476/>
4. [https://www.nrk.no/vestland/ny-rapport\\_-mellomstore-kommunar-forsterkar-naturkrise-1.16422136?fbclid=IwAR3sjZgufzOUUk4s-klur6qfBR7UjLS8SI2uQFnZXvbtaFonBZfmpyL11s](https://www.nrk.no/vestland/ny-rapport_-mellomstore-kommunar-forsterkar-naturkrise-1.16422136?fbclid=IwAR3sjZgufzOUUk4s-klur6qfBR7UjLS8SI2uQFnZXvbtaFonBZfmpyL11s)
5. <https://jostedalsbreen.no/om-nasjonalparken/>
6. <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/overvaking-arealplanlegging/naturkartlegging/Inngrepsfrie-naturomrader/>
7. <https://www.norsk-klating.no/klatesamfunn/naturvern/reine-haerverket>
8. <https://ut.no/turforslag/1113182/lundeskaeret-og-tuva>
9. <https://www.dnt.no/friluftslivets-kulturarv/>
10. <https://web.archive.org/web/20171228171635/https://naturvernforbundet.no/nyheter/regjeringa-ma-si-nei-til-kjosnesfjorden-kraftverk-article6313-796.html>
11. <https://www.riksantikvaren.no/kulturhistoriske-landskap-av-nasjonal-interesse-kula/>

12. <https://www.vegvesen.no/vegprosjekter/riksveg/rv5lundebakkane/>
13. <https://www.vegvesen.no/om-oss/presse/aktuelt/2022/11/her-vil-statens-vegvesen-bygga-forbikoyringsfelt-og-kjettingplassar/>
14. <https://www.nrk.no/vestland/turistveg-til-tverrfjellet-1495-moh.-moter-motstand-1.13559494>
15. <https://www.firda.no/inhabil-ikkje-in-men-to-gonger-i-gondolsaka/s/5-15-1491441>

